

TYSNES KOMMUNE
Uggdalsvegen 301
5685 UGGDAL

Tysnes kommune	
Saks. hands: JAFR	Kopi til:
06 DES 2022	
Saknr. 15/319-8	Jnr. 8176/22
Arkivnr.	U.off: §



Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

Sak/dok.: 07/01098-64

06.12.2022

Ark.: 326.12

Vedtak i namnesak 2008/19 – Tornes – Tysnes kommune

Statens kartverk har i dag gjort vedtak om skrivemåten av fylgjande stadnamn i Tysnes kommune:

- **Tornes** (gard 2)
- **Tornes** (bruk 2/1 og 2/2)
- **Tornessåta** (topp)
- **Stemmevatna** (hovudnamn) / **Tornesvatna** (undernamn) (gruppe av vatn)

Vedtaket er gjort med heimel i § 7 tredje ledd i lov om stadnamn.

Der det er både eit hovudnamn og eit undernamn, er det hovudnamnet som vil visast i kartet, og for ev. bruksnamn er det òg hovudnamnet som vil visast i matrikkelen.

Bakgrunn

Namnesaka vart teken opp av grunneigarane på bruk 2/1 og 2/2, Nils L. Tornes og Evy Sørensen, som i eit brev dagsett 24.03.2008 tok kontakt med Kartverket og opplyste at garden heiter *Tornes*, ikkje *Torsnes*, og at ein fjelltopp i nærleiken heiter *Tornessåta*, ikkje *Fornessåta*. Kartverket sende saka til kommunen på høyring 09.07.2008, og kommunen sende høyringssvar til Kartverket 16.09.2015. Språkrådet gav tilråding 17.03.2016. Namnesaka vart teken opp for å få retta opp feil namnebruk i kart. Me beklagar at saka har vorte liggjande lenge hjå oss.

Rettsleg grunnlag

Når ein skal fastsetja skrivemåten av eit stadnamn, er hovudregelen at ein skal ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen av namnet. Skrivemåten skal fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meningsinnhaldet i namnet, jf. § 1 fyrste ledd. I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte reglar om korleis stadnamn skal normerast.

I tillegg må det takast omsyn til normeringspraksisen i området og skrifttradisjonen for namnet saka gjeld, og kva som er registrert i Sentralt stadnamnregister (SSR) frå før. Lokale ynske frå dei som har uttalerett skal òg spela inn. Det skal leggjast serleg vekt på ynsket til eigaren når saka gjeld bruksnamn, og skrivemåten som eigaren ynskjer, ligg innanfor regelverket.

Skrivemåten av slektsnamn skal ikkje påverka skrivemåten av stadnamn. Vedtak som gjeld skrivemåten av stadnamn, får heller ikkje fylgjer for skrivemåten av slektsnamn.

Uttale og opphav

I bokverket Norske Gaardnavne står /tå`rnes/ oppført som uttale. I bygdeboka Tysnes – gards- og ættesoge bd. 1 (1986), s. 33 står Tå`rnes som uttale av namnet. Norske Gaardnavne har fleire teoriar om opphavet til namnet, m.a. at det kan koma av ei elvenamnstamme *Torv-*, som kan vera i slekt med *torfa* f. og *torf* n. ‘torv, grastorv’, eller at namnet kan vera direkte samansett med *torf* n. Eit av fleire andre alternativ som vert nemnde der er at namnet kan koma av det gamalnorske mannsnamnet *Torfi*. Fylgjande eldre namneformer står oppførde i Norske Gaardnavne: *Thorneness* (1563), *Torffnness* (1567), *Torffuenes* (1610, 1612), *Tornæss* (1668), *Tornæse* (1723). I den nemnde bygdeboka står det at *Tornes* kan ha vore namn på det som no heiter *Gangstøneset* før det gjekk over til å vera namn på garden.

Det avleidde naturnamnet *Tornessåta* står oppført med uttalen /tÅrr`nesså:to/ i ei kjelde på nettsida Hordanamn, som inneheld lokalt innsamla stadnamn frå m.a. Tysnes, og berre /såto/ i ei anna kjelde der.

Der det står *Tornesvatna* på offentlege kart, er namnet *Stemmevatna* /stemmevatno/ ført opp i Hordanamn, men med opplysning om at dei òg er kalla *Tornesvatno*. Vidare står det fylgjande: «Namnet har dei truleg fått fordi dei ein gong har vore stemde opp. Offisielt heiter det *Tornesvatno*, men det vert ikkje brukt i daglegtalet.»

Skrifttradisjon

Gardsnamnet er skriva *Tornes* i 1886-, 1906-, 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel. Namnet er òg skriva *Tornes* i Norge 1:50 000 frå 1952 og 2011, medan det er skriva *Torsnes* i utgåvene frå 1980, 1995 og 2001. I sjøkart er namnet skriva *Tornes* i 1959, 1972, 1985 og 1998, medan *Torsnes* er brukt i 2009. Økonomisk kartverk frå 1969 og bygdeboka frå 1986 har *Tornes* (I bygdeboka er bruk 1 oppført med daglegnamnet *Knutana*, medan bruk 2 står med daglegnamnet *Johansana*).

Høyringsvar

Tysnes kommune skriv at kommunen sjølv nyttar skrivemåten *Tornes*. Dei viser til at namnet finst på fleire gamle jordskiftekart og rektangelkart, og at skrivemåten har endra seg noko frå *Thornæs* og *Tornæs* til *Tornes*, men dei har aldri funne skrivemåten *Torsnes* med s. Dei opplyser elles at *Tornessåta* og *Tornesvatn* er avleidde namn på naturlokalitetar i utmarka til garden *Tornes*, og at *Fornessåta* med *F* må vera ein skrivefeil. Kommunen er samd i grunneigarane sitt syn om at stavemåten *Tornes* er den rette.

Grunneigarane har ikkje sendt inn eige høyringsvar i samband med høyringa, men i brevet der dei tek opp saka, gjer dei det klart at dei meiner *Tornes* og *Tornessåta* er dei rette skrivemåtane, og ikkje *Torsnes* eller *Fornessåta*. Dei har lagt ved kopi av bygdeboka frå 1986, der *Tornes* er brukt i gardsnamnet, og eit tinglyst skøyte på bruk 2/1 frå 1974, der *Tornes* er brukt som bruksnamn.

Tilråding

Språkrådet syner til namneforma *Tornes* i 1907-matrikkelen, til uttaleforma /tå`rnes/ i Norske Gaardnavne, og til at alle skriftformene av gardsnamnet som er førde opp der, er utan genitivs-s. Dei meiner difor at det er mykje som talar for at det er ei feiltasting som gjer at namnet har vore skriva *Torsnes* i somme samanhengar i nyare tid. Dei konkluderer med at *Tornes* bør fastsetjast som skrivemåte av gardsnamnet. Dei tilrår vidare at avleidde namn bør skrivast med *Tornes-* i førelekken, jf. dei avleidde namneformene *Torneselva*, *Tornessåta* og *Tornesåkeren*, som står i ei lokal namnesamling som er arkivert på Universitetet i Bergen.

Vurdering

Kartverket deler Språkrådet si vurdering og meiner at det er tvillaust at *Torsnes* må vera ein skrivefeil, og at *Tornes* er den rette namneforma, jf. uttaleopplysingane, lokale høyringsvar og annan skrifttradisjon for dei aktuelle namna. Skrivemåten *Torsnes* kom inn i 1980-utgåva av Norge 1:50 000, medan skrivefeilen *Fornes-* i staden for *Fornes-* i *Tornessåta* kom inn allereie i 1952-utgåva av Norge 1:50 000. *Tornessåta* ligg på garden *Tornes* si utmark, og det finst heller ikkje noko «*Fornes*» i nærleiken, so *Fornessåta* med *F* er utan tvil òg ein skrivefeil.

Som nemnt under rettsleg grunnlag, skal ein ved normering av skrivemåten ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen og fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk. I denne saka tilseier det skrivemåten *Tornes*, som òg har ein innarbeidd skrivemåte i offentleg bruk, og for dei avleidde namna tilseier det skrivemåten *Tornessåta* og *Tornesvatna*. Sidan det vanlege namnet lokalt på *Tornesvatna* er *Stemmevatna*, er det grunnlag for å fastsetja det namnet òg for offentleg bruk. Sidan dét er det mest brukte namnet, bør namnet stå som hovudnamn.

Daglegnamn på bruk av typen *Knutane* («*Knutana*») og *Johansane* («*Johansana*»), som er brukte i bygdeboka, er det lite tradisjon for i offentleg bruk, og eigarane har heller ikkje har teke til orde for det, so me formaliserer ikkje dei namna i denne saka.

Tornes vert fastsett som skrivemåte av gardsnamnet og bruksnamna, og *Tornessåta* vert fastsett som skrivemåte av namnet på fjelltoppen, jf. § 4 i lov om stadnamn. *Stemmevatna* vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet på vatna, medan *Tornesvatna* vert fastsett som undernamn på desse vatna, jf. § 4.

Kunngjering

Kommunen skal syta for at vedtaket vert gjort kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 12 fyrste ledd i lova, og som ikkje er adressatar i dette brevet. Jf. § 9 i forskrift om stadnamn.

Når vedtaket gjeld skrivemåten av bruksnamn, skal kommunen senda melding om vedtaket direkte til eigarane av bruket.

Bruksnamn

Vedtaket om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten av bruksnamn som er identiske med gardsnamnet, eller der gardsnamnet går inn som ein del av bruksnamnet. Men etter § 5 tredje ledd i lov om stadnamn har eigaren rett til å fastsetja ein annan skrivemåte av namnet på eige bruk enn den som fylgjer av § 4 fyrste ledd i lova. Føresetnaden er at han/ho kan dokumentera at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn (på offentleg kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte e.l.). I so fall må eigaren senda krav om det til Kartverket og leggja ved slik dokumentasjon. Kartverket er formelt vedtaksorgan òg for skrivemåten av bruksnamn fastsette av eigaren.

Bruken av vedtekne skrivemåtar

Me vil minna om reglane i stadnamnlova om plikt til å bruka vedtekne skrivemåtar, jf. § 11, særskilt fyrste setning, som har denne ordlyden: «Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd». Det vil seia organ for stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut.

Me presiserer at lov om stadnamn regulerer *offentleg* bruk av stadnamn. Privatpersonar og bedrifter som ikkje er heileigde av det offentlege, er difor ikkje pålagde å fylgja vedtekne skrivemåtar.

Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane. Dersom dette vedtaket vert ståande utan at det vert påklaga, legg me difor til grunn at kommunen vedtek same skrivemåten i ev. adressenamn og adressetilleggsnamn der namnet vert nytta.

Når det er gjort vedtak om adressenamn, adressetilleggsnamn og krinsnamn (grunn-, val-, skulekrins og kyrkjesokn), skal den vedtekne skrivemåten leggjast inn i matrikkelen, og adressenamn i SSR vert oppdaterte frå matrikkelen. Vedtak om adressenamn skal framleis sendast til m.a. Kartverket, jf. § 9 fjerde ledd i forskrift om stadnamn.

Kartverket fører den vedtekne skrivemåten av bruksnamn i SSR, og skrivemåten vert henta inn i matrikkelen derifrå.

Klage

Vedtak om skrivemåten kan etter § 12 i lov om stadnamn påklagast av dei som etter § 6 bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn. Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket er komen fram til mottakaren, jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Dersom meldinga skjer med offentleg kunngjering, tek klagefristen til frå den dagen vedtaket vert kunngjort fyrste gongen. Dei som har klagerett, har rett til å sjå saksdokumenta, som er arkiverte hjå vedtaksorganet. Det er høve til å søkja om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klagesaka er avgjort.

Ei eventuell klage skal sendast til Kartverket med kopi til kommunen. Klaga skal grunngjevast, og grunngjevinga må omtala alle namn eller namneledd klaga gjeld.

Når ein tek opp ei klagesak, gjeld dei same sakshandsamingsreglane som for namnesaker elles. Dersom vedtaket vert oppretthalde, sender Kartverket saka vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker for endeleg avgjerd.

Med venleg helsing

Anne Lien
fylkeskartsjef

Erlend Trones
stadnamnansvarleg

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi SPRÅKRÅDET

Lenker: [Lov om stadnamn](#)
 [Forskrift om stadnamn](#)
 [Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)